



Tingvoll, 14.3.2023

Tingvoll kommune
postmottak@tingvoll.kommune.no

INNSPEL – ARNVIKA BOLIGER GNR/BNR 138/14 – PLAN-ID 20220001

Det er jo tilsynelatande ein god tanke å bygge hus på eit areal omgjeve av hus og veg i såpass grad som i denne saka. Så får ein samla slike inngrep mest mogleg. Sentralt med omsyn til kollektivtrafikk. Dessutan butikkar og servicetilbod.

Kor gode kan vi vere til å få både i pose og sekk? I dette tilfellet kombinasjonen å ta vare på strandlina som område tilgjengeleg for andre, samtidig som bueiningane kan annonserast til sals med den finaste sjøutsikta i Straumsnes?



(Frå Artskart, utan artsmarkeringar)

Når det gjeld tilkomst til strandsona i dette området, så vil vi skildre dette såleis: På flyfotoet ser vi ein vestre del med dyrka mark nesten heilt til sjøen og et område som har litt gjengroingspreg. Deretter kjem vi til eit område som for 20 år sidan hadde ein knaus med furuskog. No er det tømmerkai, og skilting som ikkje inviterer folk flest.



Så kjem vi til ei smal stripe skog mot sjøen, med tilkomst rundt hushjørna på Fjordsenteret. Vidare austover er det ei lita stripe mellom sjøen og ein nyare bygning med fleire bueiningar. Der er det panoramautsikt over sjøen. Vil ein gå langs sjøen på denne plassen, så vil ein setje preg på utsikten. Så kjem ein til omsorgsbustadene. Der er det ikkje noko areal ubrukt mellom sjøen og husveggen. Så kjem vi til det området som er aktuelt for regulering. Det kjem vi tilbake til. På austsida av sundet er det delvis skog heilt ned til sjøen, men det er ispedd hytter og anlegg som også går omtrent til sjøen. På nordsida av brua er areala meir oppstykkka og inviterer ikkje til bruk.



Dette tyder at ein i dette området knapt har areal i hundremetersona som er attraktive for allment opphald. Det siste arealet som har denne typen kvalitet i behald er den teigen som ein no vil regulere.

Vi ser for oss at Arnvika har ein del føresetnader som gjer det attraktivt med husbygging i dette området. Det vil ikkje overraske oss om det blir bygd 50 nye bueiningar i dette området i løpet av nokre år. Kva for kvalitetar vil vi at ein slik tettstad skal ha?

Vi ser for oss at det ikkje berre er folk med rullator som kjem til å bu i området.

Vi tenkjer at ei naturleg strandsona som er nokolunde greitt tilgjengeleg vil vere ein kvalitet mange vil verdsette. I så fall er kanskje arealet denne saka handlar om det siste som er igjen av dette slaget.



Viss det kjem bygningar og gangveg langs sjøen, vil sundet ha menneskeleg verksemd omtrent heilt ned til sjøen på både sider av sundet. Ein bør vurdere nærare om det kan påverke særleg fugleliv i området. Elles merker vi oss at det på artskart er avmerka eit hjortetrekk over sundet og gjennom reguleringsområdet. Dette verkar logisk, då det er her sundet er smalt og det er litt skog, enn så lenge, på både sider, som gjev skjul. Ein bør nok prøve å finne ut kva hjorten kan kome til å gjere viss det kjem hus og auka menneskeleg verksemd i hjortetrekket.

Når fugl og hjort er nemnt, så kan det nemnast at det knapt er ei registrering av noko anna på artskart i det aktuelle reguleringsområdet. Det er ikkje sannsynleg at det er noko sjeldant der, men det må jo undersøkjast.

Det ser ut til å vere ein del omsyn ein bør ta i denne saka. Det vil truleg vere bra om ein konsekvensutgreidde denne saka, sjølv om ikkje noko enkelt punkt løyser ut plikt til det.

Med helsing

Øystein Folden
leiar